



Lars Olav Bondhus
Bondhus 41 B

5476 Mauranger

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	990 83 943	2026/3754-2		01.07.2026

Tilbakemelding på søknad om dispensasjon - 60/1

Visar til søknad om dispensasjon motteke 27.04.2026 om drift av parkeringsplass på gnr. 60 bnr. 1. Som opplyst om per telefon onsdag 13.mai, vedkjem søknaden fleire fagområde og det har difor teke noko ekstra tid å gje tilbakemelding.

Om søknaden

Det er søkt om dispensasjon for å drifte parkeringsplass på eigen eigedom, der det er lagt ved vedtak «Løyve til midlertidig omdisponering etter jordlova av dyrka mark», som vart gjeve for inntil 10 år i vedtak datert 05.02.2021 (sak 2021/541).

På bakgrunn av innhald og utforming, vurderer kommunen dette som ei førespurnad i første omgang. Du skriv at det er ønskjeleg å tilby parkering til brukarar av matvogna og bruke inntekter frå parkeringa til å dekke noko av arbeidsutgiftene i matvogna.

Førebels vurdering

Løyve til midlertidig omdisponering etter jordlova og dispensasjon etter plan og bygningslova for å bruka arealet til parkering vart gjort i påvente reguleringsplanarbeidet som er vedteke 19.02.2026. Det betyr at noverande og framtidig bruk er regulert av føresegner i denne planen.

Parkeringsplassen tilhøyrande gnr. 60 bnr. 1 har namnet f_P6 i plankartet. Dette betyr at det er regulert til parkering. Vidare er det regulert i føresegnene at:

- Veg f_V11 er felles for eigedomane 60/1, 21 og f_P6 (punkt 5.2).
- Parkeringsfelt i Bondhusdalen, felt f_P4-8 skal opparbeidast med sluk og sandfang (punkt 7.4.6).
- Felt f_P5-8 skal stette besøkande til Bondhusvatnet og Folgefonna (punkt 7.4.9).
- Felt f_P5-6 skal ikkje asfalterast (punkt 7.4.10).


- Innanfor felt f_P6 skal det etablerast ei fordrøyningsgrøft/drensgrøft mellom område for parkering og omsynssone H120 med fall vekk frå omsynssonen. Denne skal fungere som ein fysisk og kjemisk barriere mot utilsikta utslepp (punkt 7.4.11).

Det er lovleg bruk å nytta plassen til parkering for besøkjande til Bondhusvatnet og Folgefonna. Parkering reservert for anna føremål er i strid med føresegna. Matvogna tener besøkjande til Bondhusvatnet og Folgefonna likt som parkeringsareal og andre servicefasilitetar, som ein naturleg del av opplevinga i området.

Kommunen har avtale med Bondhus Grunneigarlag om å drifta parkeringa og tilhøyrande fasilitetar. Denne avtalen skal i 2026 reviderast. Retten til å krevje parkeringsavgift krev løyve av kommunen. Det er opplyst at parkeringa f_P6 og eigedom gnr. 60 bnr. 1 ikkje er del av grunneigarlaget lenger og at det difor er ønska med eiga parkeringsordning for arealet.

Målet med avtalen Kvinnherad kommune har med Bondhus Grunneigarlag er å leggje til rette for eit heilskapleg tilbod for området. Når denne avtalen no skal reviderast er det ønskjeleg å fortsette ei slik heilskapleg tilnærming og ikkje legge opp til to parallelle parkeringsavtalar for same besøksområde. Ei særskild parkeringsordning for eitt enkelt felt vil etter kommunen si vurdering bryte med denne strukturen og svekkje ei samordna drift av området.

Innkrevjing av avgift for å dekke arbeidsutgifter for mellombels matvogn er ikkje i tråd med friluftslova§ 14 om kva avgift kan nyttast til. Typisk lovleg bruk av avgifta er parkering, toalett, avfall, skilting og naudsynt administrasjon. Løn og driftskostnadar til matvogn er av meir kommersiell karakter og ikkje del av tilrettelegging for friluftsliv slik regelverket er utforma.



Rettleiing om vegen vidare

Kommunen kan etter dette ikkje sjå at det ligg føre grunnlag for å opne for ei eiga avgiftsordning for f_P6 med sikte på å finansiere arbeidsutgifter i matvogna.

Den førebelse konklusjonen er såleis:

- f_P6 kan nyttast til parkering for besøkjande til Bondhusvatnet og Folgefonna i samsvar med reguleringsplanen.
- Parkering reservert for særskilde andre føremål vil ikkje vere i tråd med reguleringsføresegnene.

- Kommunen har allereie ei gjeldande avtaleordning for parkering og tilhøyrande fasilitetar i Bondhus-området, og ønskjer ikkje å etablere ei eiga, parallell parkeringsavtale for f_P6.
- Kommunen kan ikkje sjå at parkeringsavgift kan krevjast inn for å finansiere arbeidsutgifter knytte til matvogn.

Sjølv om kommunen ikkje ser grunnlag for å etablere ei eiga, separat avgiftsordning for f_P6, er kommunen open for dialog om korleis eigedomen kan inngå i den eksisterande parkeringsordninga i området. Dersom de ønskjer å medverke i ei samla løysing for Bondhus, ber kommunen om at de tek kontakt slik at dette kan drøftast nærare.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.